

Fire kvinnheradskorps skal delta i Karmøy Brass Festival helga 22.-24. september og eitt av dei er Uskedal skulemusikk, Det er meldt på 23 korps med 500 deltakarar.

Festivalen har opparbeidd seg eit svært godt rykte, og ikkje minst kjem det til uttrykk gjennom instruktørlista. Der finn ein 15-20 av dei mest dugande dirigentane i distriktet. Yngve Nikolaisen og Jan Magne Olsen er musikalsk ansvarlege. Det vert øving i grupper – også med inndeling etter alder – korps, og spelling i 'massed band'. For slagverkarar blir det et eige opplegg.

I tillegg til det musikalske vert det sosiale aktivitetar, som diskotek, idol og bading i Karmøyhallen. Lørdag kveld er det festkonsert med Stangaland Brass og avslutningskonserten er søndag ettermiddag.